

## Hamarr - Lillehammer (gnr. 60)

Hamar: Gardnamn som kjem av naturnamnet h a m a r r, ein bratt bergpall. Lillehammer: Namn som fekk den særøppgave å skilja ein mindre kjøpstad frå ein større Uttalen av kjøpstadnamnet var før Litlihamarr, Væhl-Hamar, (seinare sikkert etter skriveforma) Lillehammer.

Dei eldste minne om manns ferd her på Lillehammer er elles fornfunn frå steinalder og jernalder, deriblant ei kølle av stein frå Bøhmers gt. 7. I skriftstykket frå mellomalderen er kjøpstaden fleire gonger nemnd, og namnet er da skrive Litlikaupangr, Litlihamarr. I diplom frå Fåberg finn ein namnet i 1411 skrive Litlæ Hamar, i 1464 Lislæ Hamar.

Garden Hamar i Fåberg er i 1604 ført blant dei andre gardane i bygda og hadde da ei utreidsle av tiendekorn av 2½ td. som t.d. Lunde, Tråset og Dal. To år seinare er det fortalt at brukaren på Hamar heitte Oluf, og at landskylda av garden var 2 huder, så Hamar var da slett ingen liten gard. Frå 1615 går det tydeleg fram at landskylda var delt slik at 1½ hud var for krongods i garden Hamar og 1 hud var ”av 2. kvernfosse derunder”. For dette betalde da Oluf 5 mark i 3 års halding av bygsla. I 1622 er det vidare fortalt at det og var 2 små kverner til garden, og at landskylda da var endra til 2 huder 18 merker fisk.

Etter atter 2 år var det i 1624 kome ny brukar på garden. ”Johannes Ollsønn av Hamar” fekk da 1. bygsel på garden ”som får hans lot op for ham og for 2 kverner som bruker derunder”. For denne første bygsla betalde Johannes med det same 30 rd., så Hamar var visseleg da rekna for å vera ein verdfull gard. Tre år seinare fekk Johannes Lillehammer, som han da var kalla, 1. bygsla av ”et stykke rugland Askoken” av skyld 1 skinn. For denne bygsla betalde Johannes med det same 1 rd. i bygselpengar. I 1628 er Askoken kalla ”nyryddet engestykke”. Frå 1650-åra er det fleire opplysningar å finne om gardane.

I 1657 er det såleis fortalt at brukaren på Hamarr da heitte Jon, og at buskapen på garden hans var 1 hest, 2 hopper, 12 naut, 16 sauer og 1 gris. Åtte år seinare var Jon framleis brukar av garden, og det er da oplyst at Hamar var gjestgjevargard. Vidare går det og fram at Jon da var 80 år og at han hadde ein son som heitte Oluf og var 40 år, og at ein tenestkar på garden, Torbjørn, var 24 år. – Frå same året, altså 1665, er elles ei sak der fogden spurde Joen Hammar kva vilkår han var viljug til å selja garden sin på, og at garden snart etter vart tinglyst til salgs.

Året 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. – Der er det en ”Hammer” fortalt at brukar på garden var Hans Peittersen, men under dette er det samtidig opplyst at garden ”Følger hans Excell. Hr. Stadtholder Gyldenløffue”. Buskapen av store husdyr på Hamar gard var da 3 hestar og 23 naut, og korntianda vart utreidd med 2½ td., som altså svara til et åresavling på 25 tdr. Vidare er det særskilt nemnt at enga, innmarka på garden, er god og at Hamar gard hadde seter og sommarbeite til krøtera på Nordsetra. Vidare var engelandet Askoken til fjells skyldsett som før til 1 skinn og låg under Lillehammer.

Året etter er det opplyst at Hans Pettersen Ratker framleis var bygselbonde på Lillehammer. Namnet tyder på at han dessutan dreiv med visse slags nattarbeid for andre. Ved eit ting på Mellum i Fåberg den 3. mat 1669 fekk Hans Pettersen med fogdens løyve fredlyst ”Lillehammers eiendom”. Bakgrunnen var at Sigrid Jørstad på Lysgaard hadde ”hugget løv og slått gras i Lillehammermarken”. Etter atter eit år var det ”Jørgen Jeger” som hadde bygsla på garden. Han hadde da innstemnt Tomas Bredseter fordi han hadde hogge 12 tylfter tømmer i ”Lillehammers skog”. – Frå år 1697 og 1706 er to liknande saker om ulovleg skoghogst på Lillehammer underliggende grunn, men i båd dei tilfelle var oberst Reichwein som var klagaren og altså åtte garden.

Av 1714 er ei liknande sak, men da var det major Brochenhuus som eide garden Lillehammer. Saka er elles etter utskrift referert slik:

”Lillehammer i Fåberg.

10 oktbr. 1714, 11.12. oktb. s. å.

Major Brochenhuus har innstevnt Oluf Suttestad og Tommes Bresetter fordi de tilføier ham skade på hans gård Lillehammers skog og eiendeler

Etter avhøring av diverse vidner, kom Major Brochenhuus og Oluf Suttestad til følgende forlik: ( 12. oktb.)

Det gjerde som Oluf Suttestad har oppsatt skal være skifte og dele mellom Lillehammer og Suttestad så langt det strekker sig og videre til en haug kaldet Langhaug og derfra en sve som Oluf Suttestad og Tommes Breseter har hugget. Det som ligger på nordsiden av dette dele tilhører Suttestad. Den omtalte (sve) bruker de felles. Ang. Husmannsplassen, som retten holdes på, da skal det som er innhegnet tilhøre Lillehammer. Olaf Suttestad svarer denne saks omkostninger med 30 rd.”

Fem år seinare hadde i 1719 Christen og Oluf Larssøner fått skjøte av major Brochenhuus, jomfru Sophie Rechvin og kaptein Mølrop på ”grd. Lillehammer med underliggende Sorgendal kvernebruk og stampemølle” for kjøpeum 1100 rd. Det er oppgitt at den samla skyld da var 2½ hud. Etter atter seks år var det elles enka Boel Lillehammer som hadde garden. Ho og Christen Sorgendal og Ole Chr. Langset fekk da bygselseddel av foged Stenersen på ”at de må opprydde en sæterløkke på Nordsæter”. Enka Boel gifta seg elles oppatt med Christian Møller, som dermed vart husbonde på Lillehammer. Christian Møller selde i 1745 ein del av garden, Lillehammer av skyld i hud og skinn til sr. M. Nimb for 600 rd. Fire år seinare selde og sonen Ambrosius Møller odelsretten til Lillehammer til M. Nimb for 295 spd. Av skiftet etter Christian Møller i 1753 går det elles fram at M. Nimb var gift med Chatarine Møller, datter til Boel og Christian Møller. På denne måten vart altså Lillehammer delt i to gardar. Brukar på den eine var da Ambrosius Chr. Møller, og brukar på den andre var Michael Fredrich Nimb.

Ambrosius Møller som i 1753 tok over som brukar, var gift med Marte Erichsdtr. Lysgaard, og dei fekk 6 born. I Ambrosius Møllers brukartid var det elles stor trafikk på Lillehammer. Sjølv var Ambrosius gjestgjevar og skysskaffar, og i nabohuset dreiv Valentin som landkræmar. Til sine tider vart det og klaga på at det var eit uanstendig hus der med drikk og hasardspel. Ei slik sak har etter denne ordlyden:

”Lillehammer i Fåberg.

19. juni 1755.

Fogden meldte at det for ham var angivet at det på gjestegivergården Lillehammer jevnlig ble holdt et uanstendig hus med drikk og hazardspill, hvilket endog for hr. vicedadtholder Benzen var angivet. Fogden har derfor efter vicedadtholderens ordre påstevnt denne sak til idag, og som hovedmann innvarslet landkremmer Valentin Caspersen som vert, enken Boel Lillehammer med flere.

Efter vidneavhøring m.v. ble saken efter aktors forlangende utsatt til 7. juli.”

Etter andre kjelder, især skifte, går det fram at det i den tid vi her har for oss, var flere plassar under garden Lillehammer.

I 1741 var det såleis skifte på Brubakken plads ”derunder”. Den døde var der Kirsti Christensdtr., og dødsbuet utgjorde brutto 73 rd. og netto 64. rd. Arvingane var, forutan enkemannen Svend Andersen, dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Gunild da 8 år, Anne Lisbet var 3 år og Beret var 1 år.

År 1772 var det skifte på ”Pl. Hammeren derunder”. Den døde var der Anne Christence Lem, som hadde vore gift med koparsmeden Jonas Elg. Dødsbuet utgjorde der 405 rd. og netto 107 rd. Ektefolka hadde ingen barn isaman, og arvingane var, forutan enkemannen Jonas Elg, søskena til den døde. Dei var: broren Ludvig Leem, 2. søstera Boje Carine Leem, enke, 3. Ingebor Marte Leem, enke.

Elleve år seinare var det i 1753 skifte på Frederichsfos Kober Fabrique.” Der utgjorde dødsbuet brutto 381 rd. og netto 140 rd., og den døde her var Jonas Elg som vi kjenne frå skiftet på Hammeren i 1772. Jonas Elg hadde gifta seg oppatt med Lisbet Pedersdtr., og dei to hadde i sitt ekteskap: 1. dottera Christence, som da var 4 år, 2. sonen Jonas, Jonas Jonassen Elg, som da var 1 år.

Justitsråd N. C. Lassen som reiste her i 1777, må sikkert ha vitja verksemda på Hamarn, og han fortalte om dette slik: ”Hammeren er en Selv-Eier-Plads. Den har tilforn tilhørt den henrettede Sundblatt, som har her indrettet en Hammermølle til Kobber-Arbeide: her bor nu Jonas Elg, som er en Mester-Kunstner i alt Kobber-Arbeide. Er meget fattig.” –Lassen opplyser elles at husdyrhaldet på Hammeren var 1 hest, 5 naut og 8 småkrøter, og at den årlege utsæden av korn der var ca. 3 tdr.

År 1782 døde Ambrosius Chr. Møller, og det var da atter skifte på ”Lille-Hammer” i Faaberg. Ved dette skiftet vart jordegodset i garden taksert for 1500 rd, og dødsbuet utgjorde brutto 2087 rd. og netto 209 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Marte Erichsdr. f. Lysgaard Dei 6 borna i ekteskapet, som framleis var i live. Av dei var dottera Ingeborg gift med Frederich Jørgensen Sorgendal, Langset, sonen Christian var 18 år, dattera Bodel 16 år, sonen Erich 13 år, Jørgen 8 år og Karen 5 år. I samband med dette dødsfallet og skiftet gav så i 1776 Iver Lysgaard m. fl. skjøte til Frederich Jørgensen på grd. Lillehammer av skyld 1 hud 12 Skpd. 9 mrk. fisk for kjøpesum 1500 rd. – Av ei sak frå 10 år seinare går det fram at landkremmerenken madame Calmeyer da dreiv handel på Lillehammer med hjelp av Iver Lysgaard.

Ved folketellinga i 1801 budde det 7 familiar på Lillehammer, som gardsnamnet da er skrive. Det var: 1. familie: 1. Frederich Jørgensen, husbonden, gjestgiver, 49 år, 2. Jørgen Frederichsen, son hans, 21 år, 3. Berthe Frederichsdr., datter hans, 16 år, 4. Christian Frederichsen, son hans, 8 år, 5. Ole Frederichsen, son hans, 6 år, 6. Rasmus Jensen, tenestkar, 60 år, 7. Engebret Engebretsen, tenestkar, 20 år, 7. Kari Halvorsdtr., tenestkvinne, 22 år, 8. Kristiane Larsdtr. tenestkvinne, 26 år. 9. Anne Guttormsdtr. legdslem, 61 år.

2. familie: 1. Jon Christensen, føderådsmann, snekker, 61 år, 2. Martha Erichsdr., kona hans, føderådskone, 3. Erich Ambrosiusen, son til kona, 33 år.

3 familie: (på Hammeren) 1. Peter Liungren, kobberslager, 48 år, 2. Lisbeth Pedersdtr., kona hans, 53 år, 3. Jonas Jonassen (Elg), son til kona, 4. Peter Petersen, son til Lisbeth og Peter, 14 år, 5. Sidsell, datter deres, 17 år, 6. Johanne, dotter deres 8 år.

4. familie: 1. Christen Olsen, husmann med jord, 48 år, 2. Anne Nilsdtr., kona hans, 36 år, 3. Ole Christensen, son deres, 8 år. 4. Peder, son deres 3 år, 5. Kjersti, datter deres, 5 år.

5. familie: 1. Hans Paulsen, husmann med jord, 60 år, 2. Gunnild Christensdtr., kona hans, 50 år, 3. Ole, son deres, 12 år, 4. Inga, dotter deres, 16 år, 5. Kari, dotter deres 7 år,

6. familie: ( i Hammermoen): Jon Amundsen, husmann med jord, 42 år, 2. Kirsti Olsdtr., kona hans, 41 år, 3. Ingeborg Jonsdtr., dotter deres, 2 år.

7. familie: 1. Anders Paulsen, husmann med jord, 50 år. 2. Eli Paulsdtr. søster til husbonden, 3. Paul Erlandsen, son til Eli, verva soldat, 19 år. 4. Johannes Erlandsen, son til Eli, 16 år. 5. Paul Olsen, pleiebarn 14 år.

I 1805 var husbonden, Frederich Jørgensen, død og sonen Jørgen overtok da garden ”Lillehammer” i Lillehammer, Faaberg” for 1000 rd. Samtidig lånte han 1599 rd. av Iver Lysgaard mot pant i odelsgarden Lillehammer, av da skyld 1 hud ½ skn. 9 mrk. fisk.

Jørgen Fredrichsen brukte elles mye penger og var i 1808 skyldug tilsm. 3480 rd. mot 1. og 3. pr. pant i grd. Lillehammer med buskap, lausøyre og pant i korn og høyavlingane på garden Lillehammer dei komande år. Den 17. juni 1818 lånte dessutan Jørgen Frederichsen 725 spd. i den nye Norges Bank mot pant i grd. Lillehammer.

År 1819 kom det nye matr.framlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om grd. Lillehammer fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 14 naut, og den årlege kornavlinga var kring 55 tdr. Det er elles opplyst at garden enda hadde 3 husmannsplassar.

Tjuge år seinare gav i 1838 Jørgen Frederiksen skjøte til son sin Frederik Jørgensen for kjøpesum 3500 spd. + føderåd til foreldra. – Ved matrikuleringa av gardane same året, altså i 1838, var skylda på grd. Lillehammer justert og omrekna til 9 skylddalar og 13 skilling. Etter er avtaksforretning i 1843 vart ca.  $\frac{3}{4}$  av garden lagd til Lillehammer by, og matr.skylda vart da nedsett til 2 skylddalar 1 ort 3 skilling.

I mellomtida hadde i 1807 Jørgen Lillehammer og Jørgen Sorgendal gitt Nils Olsen og kona hans kontrakt på plassen Brubakken, og i 1836 fekk O. N. Solberg arvefestebrev på ei byggetomt ved Kobberberget. Tre år seinare gav i 1839 Jørgen Frederiksen også arvefestebrev til Erland Thallaug på eit stykke jord med rett til sommar-hamn til ei ku. To år seinare gav i 1841 Fredrik Lillehammer brukskontrakt til L. Ormsrud på eit jordstykke ”Brubakløyken kaldet”.

Frå denne tid er og ei kontrakt mellom I. Hammer og J. Sorgendal til garver Chr. Fagerholdt og hustru på ”en Byggetomt ved Helvede i Mesna for deres Levetid”.

År 1827 vart Lillehammer som kjent først eit kjøpstadanlegg og frå 1842 ein kjøpstad. Det førde med seg at fleire framande, familiar og einskildpersonar, etter kvart flytte til og snart sette eit sterkt preg på liv og tilhøve på staden. Ein merka det godt både på at folketalet voks og at det vart mange heilt nye familienamn. I tidsrommet 1760 til 1770 var det såleis 8 døde som vart gravlagde frå Hammer. Det var: I 1760: Kirsti Rasmusdr. Hammersmoen, i 1762: Siri Olsdr. v/Hammer og Boel Hammer, i 1765: Berit Olsdr. Hammer, i 1767: ”Amund Bøigde vægter”, Amund v/Hammer og Peder Larsen Hammer, i 1770: Ole Jensen v/Hammer. I ein 10 års periode frå 1830 til 1840 var det desse som vart gravlagde så å seia frå den same garden som da er kalla Lillehammer, i 1830 Caspara G. M. Mork på Lillehammer, i 1831: Andreas Johannessen ”paa Lillehammer” og Hans Adolfsen Lillehammer, i 1832: Petrine Nicoline Nilsdr. På Lillehammer, i 1833: ungkar, handelsm., poståpner på Lillehammer Christopher Anderssen, i 1834: gardm. Peder Torgersen, 55 år, ”druknet ved fiske i Laugen,” i 1835: Syverine Plathe Børresdr. paa Lillehammer, i 1836: Crispinus Danielsen, baker paa Lillehammer, kjøpm. Oluf Gløersen Bødtkers barn, Carl Ludv. Platous søn og guldsmed Steens søn, i 1837: fru Margrethe Bredal Plathe, f. Møinichen, i 1838: Caroline Brouwer, Lillehammer, i 1839: Ludvig Wieses barn, Lillehammer, Haken Adelsten Dreyer og Martine Ingeborg Caroline Berg, Vingnes. Ein bør her gjera merksom på at både 1836 og 1839 var år da barnesjukdom herja.

Kring 1850 var det elles fleire handlar med garden Lillehammer og parsellar av garden. Frå 1847 er såleis ei arvefesteskjøte frå Frederik Jørgensen m. fl. ”paa en Strækning af Pladsen Hammeren og en do. af Mesna Vanddrag til Interessentskapet for Brændevinsanlægget i Lillehammer, dat. 26. August og tgl. 1. Novbr. 1847, for aarlig Ydelse in natura til P.

Lundgreen og kone,

Og efter deres død 5 spd. aarlig av hvert maal Jord, Størrelse 13 Maal 920 19/32 Alen.” Etter atter tre år er ein større handel med Lillehammer Gaard b.no. 1. Prokurator Plahte kjøpte da først garden i F. Hammers Opsigelsesbo og selde den så i 1850 til Lillehammer By’s kommune for 9210 spd. og føderåd av verdi 800 spd. tilsm. 10010 spd. To år seinare vart engelandet Afskokken skyldsett ifrå og selt av Lillehammer Kommune til Lars Mortensen for 150 spd. Etter atter to år vart i 1854 skogstykket skyldsett frå Lillehammer og selt til Iver

Olsen Langset, som året etter overlot det til svigeronen Hans Hansen Suttestad. Same året kjøpte og garvermester Christian Fagerholdt parsellen brn. 4 Nordsetra for kjøpesum 400 spd. I og med folke- og jordbrukstellingane i 1865 kom det fleire opplysningar om gardane. Der er det om garden Lillehammer fortalt at etter dei mange frå-parselleringar var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer redusert til 30 mål, og av dette var berre 13 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at Afskokken, som da var unnaseld, 20 mål jord. Vidare går det og fram at på "Lillehammer Pladse" var det framleis eit husdyrhald på 4 naut, 6 sauer og 3 geiter, og det vart enda årleg sådd og sett ca. 1½ td. korn og 2 tdr. poteter. Om handlar med garden og/eller parseller av garden i tidsrommet 1865-1886 tek vi elles med at i 1872 gav enka Anne Sorgendal skjøte til sonen Jørgen Iversen på B. No. 2 Sjørgendal og Holsveen med skogstykket Baklien, som før hadde tilhørt Lillehammer, for samla kjøpesum kr. 10 000 spd. Tre år før hadde elles Amund T. Hage og Even J. Homb på Suttestad kjøpt Lillehammer B. No. 3 Skog, derav eit skogstykke innanfor Afskaaken som dei delte mellom seg.

År 1886 kom endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og garden fekk nye gardsnr. og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Garden Lillehammer i Lillehammer sokn fekk da gardsnr. 60 av samla skyld 4,23 mark, og det var da framleis 4 brn. under gnr. 60 i Lillehammer. Det var a. Gnr. 60, bnr. 1 Lillehammer av skyld 2,70 mark, som tilhørde Lillehammer kommune, b. bnr. 2 Baklien (Skog), skyld 0,15 mark, eigar ell. brukar Jørgen Iversen Sorgendal, c. bnr. 3 Skog, skyld 0,15 mark, eigar ell. brukar Even J. Homb og Amund T. Hage. d. bnr. 4. Nordseteren, skyld 0,99 mark eigar ell. brukar: Oberstløytnant Holmsen.

Av handlar med desse bruksnummer i seinare tid tek vi vidare med at i 1899 gav Lillehammer kommune kontrakt til Skyttarlaget "Løven" på leige av 9 mål grunn til skytebane for årleg avgift 4 kr. pr. mål. – Frå fire år seinare er ei tinglyst erklæring frå Berte Fredriksdtr. Om at ho har vedtatt ei erstatning av Lillehammer Formandskap med kr. 350,00 – ein gong for alle – "for den skade og ulempe som er påført og heretter påføres hennes eiendom Stampen ved at turbinrøret gaar over Eiendommen." I 1907 kjøpte Martin T. Holte bnr. 4 Nordsæteren, da av skyld 0,97 mark, og Jon Aarnes kjøpte samtidig bnr.5 Fjeldheim av skyld 0,02 mark. Bnr. 6 Hammerløkken vart i 1914 selt til Anton Jonsgaard, og bnr. 7 Tuberkulosehjemmet vart same året selt til Lillehammer Sanitetsforening. M. Pedersen kjøpte bnr. 5 Østheim, og M. Kristiansen i 1927 bnr. 15 Niagara og bnr. 16 Smidjetomten. Same året kjøpte og Maihaugen bnr. 18 Pynten av skyld 0,10 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1938 var det vorte 37 bnr. under gnr. 60. Av desse mange bruksnummer var det likevel berre eitt bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Gnr. 60, bnr. 1 Lillehammer, areal ca. 70 mål, som Lillehammer Kommune var eigar av, og som Aksel Avelsgård brukte.

### Tillegg 1:

Av Fåberg kyrkjebøker som kjelde går det elles fram at fleire av dei unge som flytte til Lillehammer etter nokre år der reiste att. Det var såleis tilfelle med privatlæraren den seinare kjende og omstridde Marcus Møller Thrane. Han og hustru Marie Josefine f. Buch budde på Lillehammer i tida frå 1844 til 1846. Det var her dei fekk to av borna sine. – Ein annan ungdom som seinare vart ein kjend mann på kulturfronten, forfattaren og kritikaren Paul Botten Hansen, starta som krambugut hos Lars Hoff. Ein tredje frå kulturfronten var cand. theol. Henrik Elstrand, som først i fleire år var lærar i Fåberg og seinare i Lillehammer. Det var han som i somarferien hadde skole for ungdom på Bakken eller Marienborg i Fåberg, og som det er skrive om at han var den første som dreiv folkehøgskule her i landet. Cand. theol. Henrik Elstrand og hustru Hanna f. Helset budde på Lillehammer i 1846 – 48. Det var her dottera Bella Elisa vart fødd.

Men mange av innflyttarane frå 1840 – 50 åra slog seg og til på Lillehammer og vart snart av dei mest dugande og driftuge i byen. Ein merker seg namn som Wiese, Morterud, Thallaug, Listad, Andersen, Torkildsen, Johansen, Gunnerson, Kjølstad, Myhre, Fagstad og fleire.